



LINDÅS KOMMUNE
Interne stabstenester

Melding om vedtak

Thomassen eiendom AS

5914 Isdalstø

Dykkar ref.

Vår ref.
2006/2686 - 5741/2007

Inger- Marie Nordland

Arkivkode
L12

Dato
27.03.2007

Tilkomst til gnr. 188, bnr. 737 - vilkår.

Vedlagt følger saksutgreiing med vedtak.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. Lov om offentlig forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen du mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut.

Klagen kan sendast skriftleg til avdelinga som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Namn på sakshandsamar går fram av vedlagte sak. Ved eventuelle spørsmål kan sakshandsamar kontaktast via kommunen sitt sentralbord.

Med helsing

Inger- Marie Nordland
administrasjonssekretær

Kopi til:
Byggesak

Postadresse:
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Besøksadresse:

Telefon: 56 37 50 00
Telefaks: 56 37 50 01

Bankkonto: 7413 05 01005
Organisasjonsnr: 935 084 733

E-post: postmottak@lindas.kommune.no

Heimeside: www.lindas.kommune.no

Kartside: www.nordhordlandskart.no



Utvalssak nr.	Utval	Møtedato
28/07	Formannskapet	15.03.2007
31/07	Plan- og miljøutvalet	21.02.2007
24/07	Formannskapet	22.02.2007
26/07	Kommunestyret	15.03.2007

Tilkomst til gnr. 188, bnr. 737 - vilkår.

Saksdokument vedlagt:

Skriv av dagsett 22.januar 2007.

Saksdokument ikkje vedlagt:

Byggesak for Thomassen eigedom AS

Saksutgreiing:

Saka går til uttale i Plan og miljøutvalet

Saka går til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast endeleg i kommunestyret

Thomassen eigedom AS arbeider med ein bebyggelsesplan for utnytting av eigedomen gnr. 188, bnr. 737 i Knarvik. I utgangspunktet var det meininga å få innkjøring på tomta frå avkjørsel via regulert tilkomst frå vest(ved lageret til Møbler), men det har vist seg å vera vanskeleg og det vert no søkt om løyve til å få tilkomst over kommunen sin eigedom gnr. 188, bnr. 370.

Denne eigedomen er regulert til parkeringshus i tillegg er det regulert inn ein gangveg på austsida av denne tomta og tomta til søkjar. Ved ei tidlegare byggesak på den same tomta(188/737), vart det lagt til rette for slik tilkomst m.a.a vart det lagt til eit areal frå friområdet for å få dette til. Den byggesaka vart ikkje gjennomført.

Vurdering:

Det er avgjerande for denne byggesaka å få orden på tilkomst. Alternativet er ei nedkjøring på eigen tomt noko som er svært komplisert. Det ligg ikkje føre planar den framtidige utnyttinga av den kommunale tomta til parkeringshus og det vil det kunna verta visse vanskar medsamordning i framtida. Her må i alle fall takast det forbehold at tilkomsten skal kunna tilpassast ei slik utbygging. Som eit vilkår er det naturleg at utbyggjar byggjer gangvegen slik den er regulert frå den kommuneale tomta og langs eigedomen gnr. 188, bnr. 737. Dette kan formulerast i ein avtale på grunnlag av moglege vedtak i kommunestyret.

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Thomassen eigedomsselskap as får løyve til å leggja tilkomst til sin eigedom gnr. 188, bnr. 737 over kommune sin eigedom på dei vilkår som er tatt inn i administrasjonen si utgreiing.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 21.02.2007

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 8 røyster (mot Moldeklev, Frp)

Uttale i Plan- og miljøutvalet - 21.02.2007

Thomassen eidegdomsselskap as får løyve til å leggja tilkomst til sin eidegdom gnr. 188, bnr. 737 over kommune sin eidegdom på dei vilkår som er tatt inn i administrasjonen si utgreiing.

Handsaming i Formannskapet - 22.02.2007

Framlegg frå B. Vatnøy (Frp):

Saka vert utsett då det er ynskjeleg med synfaring.

Saka vert handsama i ekstra formannskapsmøte 15.03.07

Samrøystes for framlegget.

Vedtak i Formannskapet - 22.02.2007

Saka vert utsett då det er ynskjeleg med synfaring.

Saka vert handsama i ekstra formannskapsmøte 15.03.07

Handsaming i Formannskapet - 15.03.2007

Formannskapet var på synfaring før møte tok til.

Framlegg frå T. Gamst (H):

Formannskapet ber om at dette området vert sett i samanheng med dei andre aktuelle byggjeprojekta i naboområdet. (Stoltz Røtting, Foss Eiendom etc.) Dette må samordnast gjennom ein reguleringsplan for heile dette området.

Framlegget fekk 2 røyster (T. Gamst H og Aa. Halland V) og fall.

Framlegg frå B. Vatnøy (Frp):

Underpkt. til rådmannen sitt framlegg.

Avtalen blir endeleg behandla av formannskapet så snart utbyggjar og administrasjonen har kome til enighet.

Framlegget fall, fekk 2 røyster (B. Vatnøy Frp og B.A. Aakvaag Frp)

Rådmann sitt framlegg vert vedteke.

Innstilling i Formannskapet - 15.03.2007

Thomassen eidegdomsselskap as får løyve til å leggja tilkomst til sin eidegdom gnr. 188, bnr. 737 over kommune sin eidegdom på dei vilkår som er tatt inn i administrasjonen si utgreiing.

Handsaming i Kommunestyret - 15.03.2007

Framlegg frå A. Stusdal H:

1. Thomassen eidegdomsselskap as får løyve til å leggja tilkomst til sin eidegdom gnr. 188, bnr. 737 over kommunen sin eidegdom på dei vilkår som er tatt inn i administrasjonen si utgreiing.
2. Denne tilkomst med tracèvalg skal sjåast i samanheng med dei andre aktuelle byggjeprojekt i naboområdet.
Dette må samordnast gjennom ein reguleringsplan for heile dette området.

Framlegget fekk 4 røyster, H og V og fall.

Framlegg frå B. Vatnøy Frp:

Underpkt. til rådmannen sitt framlegg.

Avtalen blir endeleg behandla av formannskapet så snart utbyggjar og administrasjonen har kome til enighet.

Framlegget fekk 8 røyster, Frp og K. Gaulen, Krf og fall.

Innstillinga i formannskapet vert vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 15.03.2007

Thomassen eigedomsselskap as får løyve til å leggja tilkomst til sin eigedom gnr. 188, bnr. 737 over kommune sin eigedom på dei vilkår som er tatt inn i administrasjonen si utgreiing.

